

# Seterbrukaren

Skrift frå Norsk seterkultur Nr. 3 | Desember 2018 | 21. årgang



## Neste blad kjem i mars

Frist for ord og bilete til bladet er 20. februar.

## Stølsostenane gjorde det veldig bra i VM!

Ekte geitost frå Stordalen gardsbruk fekk andreplass!- Gratulerer også til Brimi sæter med supergull, Gurostølen for trøgost, Strandmo stølsysteri for kvit kyrost og pultost (tre medaljar!), Wangensteen med gull for buferdsosten sin - av stølsmjølk – og alle dei andre produsentane som oppnådde medaljar og viste det store mangfaldet av norske ostar!

## Seterprisen – kom med forslag!

Seterprisen 2019 skal delast ut under fagsamlinga/årsmøtet i Aurland 6.-7. april, og juryen ber om forslag til kandidatar.

## Send oss rett adresse!

Vi får stadig blad i retur, Posten er nøgne på rett gate/vegadresser. Dette krev ofte mykje arbeid og kostnad for oss, så oppmodinga er: send oss rett adresse.



### Styret:

Hans Bondal, leiar  
hbond@online.no  
Tlf. 90969518  
Sollivegen 862  
2477 Sollia

Siv Eggen, nestleiar  
7760 Snåsa,  
tlf. 48 10 27 85  
sbeggen@msn.com

### Styremedlemmer

Per Sæther  
6631 Batnfjordsøra  
tlf. 71 29 01 81 93 67 35 69  
pesetra@gmail.com

Marit Skjelstad  
marit.skjelstad@tine.no  
(Repr. landbruksamvirket)

Tori Snerte  
Torsetvegen 323,  
3560 Hemsedal,  
tsnerte@online.no  
Tlf. 975 24 942

Nils Drabløs  
Tlf. 909 89 109  
nils-dr@online.no  
Vallavegen 31  
6220 Straumgjerde

Bjørn Karsten Ulberg  
3358 Nedre Eggedal  
bkulberg@broadpark.no

Gro Haraldsdotter Arneng  
Dalsvegen 639  
2940 Heggernes  
Tlf. 952 26 255  
groarneng@hotmail.com

### Utgjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

Telofon 948 23 687/70 25 91 77  
E-post: seter@seterkultur.no  
www.seterkultur.no

Sekretariat: Katharina Sparstad  
katharina.sparstad@valdres.no

Bankgiro: 2367 20 51169  
Organisasjonsnr. 879270642

Redaktør: Jostein Sande  
Førtrykk: Storfjord Bladlag AS  
Trykk: Unitrykk

Rekneskap/abonnement: SveinLøken, sv.l@online.no

**ISSN 1501-6803**

**Seterbrukaren kjem ut tre gonger i året.**

**Framsida: Vegard og Lillegeita nyter seterlivet.**

**Foto: Jostein Sande.**

# Sommaren 2018 viste kor viktig det er å satse på utmark og seterdrift!

► Tørkesommaren 2018 var krevjande for mange. Avlingane vart sterkt redusert over store deler av landet og vassmangel skapte problem både i låglandet og i fjellet. Mange stader var tilkøyring av vatn til dyrta eit dagleg arbeid. Også meldingane frå seterbrukarane rundt om i landet var dramatiske, men i ettertid har mange fortalt at i sommar var setra berginga! Dyrta vart haldne på setrene lenger enn vanleg, for å sikre at foret som var hausta heime skal halde gjennom vinteren. Kan hende bør vi bu oss på fleire slike somrar, og da trengst det tilrettelegging for auka bruk av utmarka og setrene, både gjennom praktiske og økonomiske tiltak og verkemiddel. Kan hende var sommaren 2018 påminninga som skulle til for at seterdrifta og bruken av fjellbeita får ny kveik?

► 20. mars 2019 er det 20 år sidan Norsk seterkultur vart skipa. Skipingsmøtet var på Klones landbrukskule i Vågå, og kom til som eit resultat av det toårige prosjektet "Prosjekt Norsk senter for Seterkultur" som kom i gang i 1997. Målet for prosjektet var todelt, å byggje grunnlaget for eit informasjons- og kompetansesenter knytt til setring og å legge til rette for ein interesseorganisasjon for aktive seterbrukarar. Noko senter i tradisjonell forstand kom ikkje ut av prosjektet, men gjennom konferansar, fagsamlingar, kurs, nettstad, medlemsskrift og eit levande nettverk av kompetanse på området har i allefall ein heil del av målet vorte oppnådd. Men interesseorganisasjonen har funne si form, og kan altså markere 20-årsjubileum når ein samlast til fagsamling og årsmøtet på Sogn Jord- og Hagebrukskule i april 2019.

► Med knappe økonomiske ressursar, engasjerte tillitsvalde og dugnadsånd har Norsk seterkultur kjempa for stølsdrifta og seterkulturen i vid tyding. Organisasjonen har lagt vekt på å vise alle dei positive sidene av denne driftsforma, berekraftig matproduksjon, landskaps- og opplevingsverdiar for ålmenta - og tradisjonar med potensiale for framtida. Å inspirere til å halde fram stølsdrifta, og gjerne ta oppatt nedlagte setre, har vore viktig for organisasjonen. Norsk seterkultur har og vore ein av fleire aktørar bak den fantastiske utviklinga vi har sett i lokal foredling av mjølk, jfr. Oste-VM nyleg.

► Organisasjonen har vore breitt politisk aktiv, og gjennom jamn kontakt med faglaga, politikarar og styresmaktene på alle nivå sikra bl.a. at setertilskotet har auka stevvis og at innvesteringer på stølar har vorte prioritert. Dette har ikkje kome av seg sjøl, nokon må heile tida minne om verdiane stølsdrifta representerer og behovet for verkemiddel. Stort sett har organisasjonen vore møtt med velvilje, bl.a. ynskte LMD at Norsk seterkultur skulle vera med å utforme opplegget for RMP, da setertilskotet vart flytta frå å vera eit nasjonalt tilskot til å bli del av den regionale verkemiddelbruken.

► NIBIO-rapporten i fjar dokumenterte at det krevst innsats skal stølsdrifta ha ei framtid. AgriAnalyse, i samarbeid med blant andre Norsk seterkultur, tek i desse dagar rapporten sine konklusjonar vidare gjennom ei undersøking der ein vil finne ut korleis takten i nedlegginga av setrene kan bremsast. - Sjølvsagt skulle ein ønskt at ein hadde oppnådd meir og at situasjonen for stølsdrifta hadde vore betre. Men håpet er at m.a. auka tilskot over jordbruksavtalen 2018 og dokumentasjon gjennom rapportar og undersøkingar kan kome opp med tiltak som ikkje berre bremsar nedlegginga, men helst gjev nytt liv rundt om i seterlandet!

Jostein Sande

## Innkalling til årsmøte i Norsk seterkultur på Sogn Jord- og Hagebrukskule i Aurland søndag 7. april kl. 09.00.

**Årsmøtesaker** i samsvar med vedtekten.

**Årsmelding** og øvrige saksdokument blir lagt ut på [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

**Laurdag 6. april** blir det fagsamling same stad. Programmet for fagsamlinga blir gjort kjent på [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

**Kontakt/info:** ks@valdres.no, tlf. 990 09 584.

**Påmelding** på eige skjema innan 20. februar. Sjå info:[www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

# Seterpolitisk helaften – planer om seterpolitisk melding

Alliansen ny landbrukspolitikk inviterte til en seterpolitisk helaften på Bruket i Oslo for å markere starten på et nytt prosjekt – en seterpolitisk melding!

## Lanserte prosjektet under ØKOUKA i Oslo

At stølen er en viktig bidragsyter for både kulturlandskapet i Norge, det biologiske mangfoldet og som leverandør av kultur og kvalitetsmat var hovedpunktene da Alliansen Ny Landbrukspolitikk inviterte til seminar på Bruket i Oslo for å diskutere Norges glemte ressurs i anledning seterpolitisk melding: utmarksbeite og seterdrift. De rundt 50 tilhørende ble servert utvalgte oster, hallingdans, felespill og et engasjert panel bestående av tre stølsdrivere og representanter fra Norsk Institutt for bioøkonomi og Norsk seterkultur. Bakgrunnen var Alliansen ny landbrukspolitikk sitt nye prosjekt for en mer solidarisk matproduksjon som nytter norske ressurser, nemlig en seterpolitisk melding.

## Landskapet vårt har underutnytta potensiale

Seminaret ble innleddet av Yngve Rekdal fra Norsk institutt for bioøkonomi som tok for seg omfanget av ressursen utmarksbeitet, og trendene i seterbruken siden årtusenskiften. Det sentrale trekket her er at selv om en tredjedel av alle norske gårdsbruk fortsatt har seterdrift er det færre som tar ut det fulle potensialet som ligger i utmarksbeitet, dette til tross for at  $\frac{3}{4}$  av fastlandsarealet til Norge har gode beitemuligheter.

Rekdal delte interessante tall for publikummet. Han viste til at 45 prosent av land-




arealet har god eller veldig god beiteverdi, det vil si 138 millioner dekar. Dette tilsvarer ca 900 millioner førenheter! I dag tas det ut om lag 300 millioner førenheter. Alliansen ny landbrukspolitikk problematiserte i sin innledning at norske bruk i større grad planlegger drifta si på innkjøpt og importert fôr, mens dette arealet ikke nyttes til sitt fulle.

## Store besetninger utfordrer seterdrifta

Norsk seterkultur representert ved styreleder Hans Bondal, supplerte Rekdal med å påpeke at stordriftsrettinga av landbruket i dag har gjort stølen utdatert som landbruseiendom og blir gjort om til ferieboliger. Skal en støl være en attraktiv produksjonsenhet må det på plass både infrastruktur for å få stølspunktene ut og oppdateringer av selve boforholdene for å gjøre det lettere å ha folk boende lengst mulig på fjellet, mener Bondal. Alliansen ny landbrukspolitikk har tidligere spilt inn til faglaga at investeringssidelær til infrastruktur på setra bør komme på plass. I tillegg er det et stort behov for et faglig nettverk for stølseiere, ettersom kunnskapen rundt denne driftsformen er på vei inn i glemmeboka, fortsatte Bondal.

Dette var seterbrukerne enig i. De frammette fikk flere beretninger fra seterbrukerne om ulike måter å drifte stølene sine på. Norges klart største seterfylke, Oppland, var godt representert med Ola Tangvik fra Brimi sæter i Lom, Katharina Sparstad som er på Sparstadstølen i Vang i Valdres og Kåre Skogstad fra Lomen i Vestre Slidre.



*I disse fjellområdene i Oppland har det vært en selvfølge å sende dyra til fjells og flytte etter graset. Nå er det ingen selvfølge lenger, forteller en av seterbrukerne.*

Alle tre kunne fortelle om hvilke muligheter som ligger det å ta i bruk stølen, både om mulighetene for produksjon av etterspurte stølsprodukter og turisme som tilleggsnæring, men også utfordringer knyttet til produksjon, økonomi og størrelse på besetninger.

Seterbrukerne var også opptatt av hva en støl er og skal være. Hva er det vi vil ha på setra? Kraftförautomater og tilleggsføring? Det ble latter i salen da Skogstad fortalte om

**Framhald side 10**

# Seterprisen 2019

Formålet med prisen er at den skal vera ei påskjønning til eldsjeler som har gjort ein stor innsats for å sette seterdrifta i fokus. Prisen vil dermed vera med å skape blest på ein positiv måte, og bidra til å sikre eksistens og vidareutvikling av seterdrifta.

Norges Vel hadde i mange år eit stort engasjement for seterdrift og seterkultur, og delte ut Seterprisen i åra 2001 til 2006. Norsk seterkultur har fått overta nemninga Seterprisen, og vidarefører den med utgangspunkt i dei same kriteria som Norges Vel la til grunn.

## Kriteria

Seterprisen skal delast ut årleg til ein eller fleire personar som har gjort ein ekstraordinær innsats for seterdrifta i Norge. Innsatsen kan vera innan:

- Tradisjonell seterdrift
- Mjølkeforedling på setra
- Utvikling av ny næringsverksemder tufta på seterdrifta
- Forskning og publisering av vitskapleg materiale
- Formidling av stølksulturen

## Utlýsing og forslag på kandidater

Prisen blir lyst ut i Seterbrukaren, på nettet og gjennom avisar og andre medier. Ein jury på tre, med representantar frå Norsk seterkultur, Norges Bygdekvinnelag og Tine, avgjer kven som får prisen.

Frist for innsending av forslag på kandidater til Seterprisen 2017 er **1. mars 2018** og kan sendast til: [seter@seterkultur.no](mailto:seter@seterkultur.no) eller Norsk seterkultur, Dalssida 160, 6214 Norddal.



Stordalen Gardsbruk og Bergstaulen til topps!

# Mangfaldig gards- og stølsdrift i Tinn i Telemark gav andre plass i Oste-VM!



Ekte brun geitost på andre plass i OSTE-VM!

Første geitene kom til gards i 1985, og året etter var produksjonen av den ekte heilfeite brunosten i gang – i same kjelen som vi brukar den dag i dag, både på staulen og heime på garden.

Denneosten frå Stordalen Gardsbruk kom nyleg på delt andre plass under oste-VM, altså kan vi kalle den ”verdas nest beste ost”! Og i det høvet har vi teke ein prat med Barbro Stordalen, som saman med ektemannen Ronny Sterten, driv garden Tollefjord i Tinn Austbygd i Telemark – og Bergstaulen i fjellet mellom Rjukan og Møsvatn.

Når vi spør om oste-VM, så seier Barbro at det nesten har vore ei uverkeleg oppleving. Sjølv sagt eit fantastisk arrangement og utruleg mykje ”virak” etterpå. Plasseringa er resultatet av innsats frå heile familien og tilsette. No strøymer det inn bestillingar frå inn og utland, men vi vil halde fram som

små og eksklusive produsentar, seier Barbro. Dette er handverk og ikkje industri!

## Foreldra kjøpte garden

Barbro fortel at foreldra Bjørg og Gunnar kjøpte Tollefjord i 1965, frå syskenparet Margit og Olav Tollefjord, bæviktige tradisjonsberarar og eit gardsbruk med lange tradisjonar. Margit vart jamvel heidra både med Tinn kommunes kulturpris og kongens fortjenestemedaje i sølv for tradisjonshandverk, da særleg rosesaum til Tinnbunaden. Det var kyr på garden i 1965, og i dag er også Telemarkskyr ein del av den mangfaldige buskapen. – Vi har heile tida med oss kor viktig det er å ta vare på og vidareutvikle gardsdrifta med grunnlag i tradisjonar, seier Barbro.

Den omfattande gardsdrifta krev og mykje arbeidskraft, og Barbro understrekar at drifta av garden og stølen også omfattar familie og tilsette. Foreldra var med for fullt heilt til i fjer, no er dei aktive pensjonistar, seier Barbro. Elles karakteriserer ho Andrea Dijkstra, fast tilsett hjå dei i 13 år, som høgrehanda i drifta. Og om sommaren har dei vanlegvis fire deltidstilsette.

Og ikkje nok med at Barbro og Ronny driv omfattande gards- og stølsdrift, dei har også i mange år vore fosterheim, no i samarbeid med frelsesarmeen. Veldig kjekt, seier Barbro, som og strekar under kor viktig det har vore for dei å vera aktive i organisasjonsarbeid, og ho nemner bl.a. Småbrukarlaget, Norsk Gardsost og Norsk seterkultur. Barbro er blant dei verkeleg pionerane som har kjempa fram betre vilkår for småskala mjølkforedling. Ho var med på å starte Norsk Gardsost og med i det første styret der, og har lagt ned ein innsats som mange kan nyte godt av i dag.

## Øko - logisk

Barbro fortel at Tollefjord er eit lite småbruk med 60 dekar innmark, 500 da skog og 1000 da fjell. Buskapen består av 90-100 mjølkegeit, 80 vinterfora sauher og 15 kyr som skal kalve. Dei har historisk kvote, pluss kjøpt noko attåt, men dei leverar ikkje mjølk, alt blir foredla på garden og på stølen. Nytt fjøs for sauene og kyrne vart teke i bruk i 2014. Barbro fortel at dei ei tid hadde om lag 160 vinterfora sauher, men at problem med bl.a. laushundar og



Vegen går tett inntil stolen, så kundane har ikkje lange vegen til produkta. Alle foto frå Bergstaulen: Andrea Dijkstra/Stordalen gardbruk.



Bergstaulen ligg i eit område med godt beite for geitene.

rovdyr i beiteområda over mot Numedal har gjort at dei har redusert talet på sauherdene. Med reduksjon i sauehaldet er planen no å satse meir på kyrne, kome opp i 15-18 årskyr, og foredle mjølka til rjome, smør, blautprim (smørbar) og prim (fast). - Det held sjølsagt ikkje med 60 dekar innmark til å skaffe for å alle desse dyra, så dei driv no jorda på 11 bruk, frå fjellet ned til Tinnsjøen, som Barbro seier det. I alt 350 dekar. - Vi driv "grass fed", brukar minst mogeleg kraftfor, ikkje godkjent økologisk, men "øko-logisk", nyttar ressursane fornuftig og berekraftig, seier Barbro.

### Bergstaulen

Stolen er viktig for gardsdrifta, seier Barbro. Bergstaulen ligg om lag 5 mil unna garden, og frå 1991 leide dei stolen av Norsk Hydro. I 2006 fekk dei kjøpe den, dvs. bygningane og 14 dekar rundt, og beiterett på eit areal på 5000 dekar. Da dei tok oppatt stolsdrifta i 1991 hadde det ikkje vore drift der sidan 1968, mykje var attgrodd og bygninane var i heller dårlig stand. Blant anna fekk dei ikkje fyre ostegryta med ved på grunn av brannfaren, og

såleis er det framleis elektrisk varming av ostekjelen på stolen i motsetnad til heime, der det er vedfyring. Ostekjelen blir flytta med til støls når dei bufører kring 10. juni og all produksjonen går føre seg der heilt til 1. oktober når det ber heimatt frå fjellet.

Mykje var attgrodd da dei tok opp att drifta på Bergstaulen i 1991, men det har endra seg mykje. Og beita kring stolen eignar seg godt for geit, bratte lier, fjellbjørkeskog og variert planteliv, fortel Barbro. - Her nyter geitflokkene sommaren, saman med påsættet - kring 30 i talet. Sistnemnde blir tekne heim tre veker før dei vaksne og para først. Såleis har vi kjeing frå siste halvdel av februar, med tyngda tidleg i mars. - På stolen produserer vi den heilfeite brunosten, dravle (gomme-variant), frukost-ost (cottage-cheese), geiterjome, geitesmør (på bestilling) og ein kvit geitost av heilmjølk, som vi lagrar i 6 månader. - Vi satsar på produkt av upasteurisert mjølk, men berre på stolen. Heime produserer vi berre brunost, ikkje kvitost-produkt, da det er verre å halde kontroll med kvaliteten når ein forar med rundballar.



Barbro Stordalen og ektemannen Ronny Sterten.  
Foto: Jostein Sande.

### Store planar for stolen

Vegen går tett inntil stolen, og der kan folk smake og kjøpe eit mangfold av stølsprodukt, og dei får oppleva dyra på stolen. No arbeider Barbro og Ronny med planer om nybygg på stolen, fjøs og mjølkeavdeling for både geit og kyr, ysterom, salsrom og bustad i andre høgda. - Men vi vil og ta vare på det gamle, kanskje nytte det til utleige. Det vil nok koste 5-6 millionar, men vi trur det er verdt det seier Barbro.

## Bedriftsutviklingsprisen i landbruket

- Innovasjon Noreg deler kvart år ut bedriftsutviklingsprisen i landbruket på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet.
- Det er ein bedrifts- og næringsutviklingspris for dei som har etablert ei vellukka bedrift eller næring med basis i bygdene og landbruket sine ressursar.
- Det blir kåra ein vinnar i kvart fylke som får 50 000 kroner.
- Dei fylkesvise vinnarane deltek så i den nasjonale konkurransen om 250 000 kroner.
- Den nasjonale prisen blir delt ut under Internasjonale Grüne Woche i Berlin i januar 2019.



Foto: Norbø Gard og Stule.

Bedriftsutviklingsprisen i Telemark til:

# Nordbø gard og stule i Hjartdal




Det var hyggjeleg med ei slik oppmuntring etter tørkesommaren og ein travel haust. Godt at det ein har hatt tru på i mange år blir sett pris på, seier Olav Nordbø etter at Nordbø Gard og Stule fekk Bedriftsutviklingsprisen i landbruket i Telemark. Saman med kona Lorimen, og dei fire borna, driv Olav garden Nordbø og stølen Bjordal i Hjartdal, der dei har skapt mat- og kulturopplevingar i eit miljø av 1800-talsbygningar. - Ein pris som dette, er ikkje berre motivasjon for vidare arbeid, men også ei stadfesting på at arbeidet vårt og produkta våre blir tatt godt imot. Og godt å sjå at det ikkje er berre stordrift det blir sett pris på, seier Olav.

Stølsdrift har dei dreve sidan år 2000, og til den gamle stølen Bjordal, 8 km unna garden, reiser familien med kyrne i jonsokleitet og blir der til godt uti august. På stølen produserer dei tradisjonsmat, som også mange besøkjande får nyte. Mjølka blir sjølv sagt til tradisjonell prim, men og til fleire typar ost, rjome og smør, og gjestane får oppleva ysting og kinning på gammelmaßen, i eit tradisjonelt stølsmiljø, med nærleik til dyr og natur. Både på stølen og garden tilbyr dei

servering til små og store grupper.

Olav Nordbø fortel at dei har kring 20 kalvingar i året, haustkalving, og 8-9 kyr er med på stølen. Dei andre beiter lenger inne i fjellet. Kvoten er på om lag 105 tonn. Elles har dei om lag 30 vinterfora sauher, og så nyttar dei elles heimebeita til oksar. – Heile familien har vore – og er – engasjert i drifta, ikkje minst på stølen. Jentene har og vore på messer, sjølv sagt Dyrsku'n, og tykkjer det er kjekt å oppleva dei positive tilbakemeldingane på det vi driv med, seier Olav. Det er ikkje straum på stølen, så dei lyt nytte aggregat. Han har tankar om å kunne nytte solenergi til å drive røreverk, og kanskje noko aggregatet. Men kanskje kan det bli for mykje røring i primkjelen, undrar Olav. Til no har dei brukt ei 80 liters kopargryte som bestemor hans også brukte. No har dei tinga ei større gryte, og dei jobbar med ei viss oppgradering av ysteriet og ostelageret, fortel Olav.

At Lorimen, som kjem frå Filippinane, skulle bli bondekone og budeie i Hjartdal er nærmast uverkeleg. Ei annonse i Bondebladet gjorde at ho kom i kontakt med gardbrukaren på Nordbø, og etter månader



## Seterminne

av Audun Høgbrenna

*Den gamle setervegen  
med kjerre, kar og hest,  
har vorte til min eigen,  
og faste heidersgjest.*

*Det demrar eit bilet  
frå setervang og fjell.  
Det lyer som eit ekko  
frå ei anna tid i kveld.*

*Det lever mange minne  
frå denne svunne ti'.  
Og sep'rator og kinne,  
og raut i seterli.*

*Den vakre seterjenta  
som stelte kalv og ku,  
ho heldt det pent og reingjort  
i fjos og seterbu.*

*Den dunkle bjølleklangen  
og sus frå bekk og å,  
la tone i den sangen  
ho gjekk og nynta på.*

*Hesteskoen song mot steinom  
når ein såmmår var forbi.  
Og fugger'n oppi greinom  
song på same melodi.*

*Den gode setertida,  
kjem som fjerne draumar att.  
Ho er ofte innom dora  
ein gong el'to ei natt.*

*Eg minnest buferdsslasset,  
den hausten det var slutt:  
Eit spenn, ei ostekasse,  
ei kinne og ein butt.*

*Kjelde:  
Tidsbilete, Snøhetta forlag, 2009, s. 7*



Ordførar Bengt Halvard Odden, Lorimen, Olav, Åse Marit og Miriam under utdelinga av Bedriftsutviklingsprisen

med brevveksling og Olav sitt besøk på Filipinane, var det gjort. Snart 25 år seinare er ho mellom dei som verkeleg fører norske tradisjonar, og ikkje minst stolstradisjonar, vidare!

- Seterdrift er eit viktig supplement til næringa i form av å bevare lokale mattradisjonar og oppretthalde kulturlandskapet. Vi synes det er flott at Nordbø gard og stule vidarefører denne tradisjonen på ein god

måte, seier Anniken Fægri Damm-Larsen, regiondirektør for Innovasjon Norge. Det er og positivt for lokalmiljøet. Aktiv stølsdrift held kulturlandskapet i hevd, og gjer område attraktive for reise- og friluftslivet og det biologiske mangfaldet. Og formidling av kulturarven er viktig, og det er veldig positivt at familien Nordbø ønskjer å dele kunnskap og tradisjonar med turistar og besøkjande i flotte naturomgjevnader, seier Damm-Larsen

# Historisk vandrerute i levande stølslandskap

 **STØLSRUTA** 

**Historiske vandruter** bidrep gjenlevende fornminner i Norge og motverket til områdets utvikling. Som en del av vandringskultur i Norge er det også i Valdres viktig å gjennomføre historiske vandringer og gjøre dem til et tilgjengelig opplevelsesobjekt.

**Gå vandringen langt og langt!** [www.historiskevandruter.no](http://www.historiskevandruter.no)

**Stølsruten i Norge** 2 1000 var det i 2013. Det er i dag nærmere 2000 som har gått vandringen fra Jærlå til Vassliv. Valdres har et spesielt vandringskulturskatt. I Norge var det 2200 som tikket vane på denne. Denne vandringskulturen er i økende grad ikke bare vare og dyrke, men også å videreføre kulturarvet. Det finnes også vandringer i de ulike delene av landet.

**Kulturarkivet** Området her har høyeste nytte som hantverkskultur i etan brannvernens form. Det er også verd å se etter for leirte, og teknologien i jordbruks- og jordindustri. Det er både viktigt og interessant for oss i Valdres at denne vandringa, som har vært med i flere av de offisielle programmet i Norge, fram til 2018, gjennomføres i forbindelse med en langtids forvaltning, av historiske vandruter og bokarbeider. Bokarbeidet er en form av langsperiode vandringer som følger vandrertur som er formet av lengreperioder, vedtak, vandringer, bokarbeider, kulturopplevelser og kulturturister.

**Allmennheten / stikk og brett i historien**

- Du kan finne litt til deg fra historien om du ikke er i plass til å lese om det i plakaten.
- Etter at du har vakt vane på å gå vandring, kan du få en god opplevelse av historie, kultur og teknologi.
- Det er også viktig å huske at det ikke er noe for å gjøre vandringen mer interessant.
- Alt er i ferd med å bli gjort til en viktig del av vandringskulturen i Norge.
- Vi ønsker til gjengen at du er godt utsatt for vandringskulturen, og at du ikke forlitter.
- Let om gronika etter meg.

+ [www.historiskevandruter.no](http://www.historiskevandruter.no)

DNT Webteam     

God informasjon på plakat om Stølsruta.

Opninga av Stølsruta fann stad i august under stølsfestivalen på Vaset, med deltagning frå Riksantikvaren, DNT og Landbruks- og Matdepartementet. Og sjølvsagt var arrangementet ope for publikum, og deltakarane vart inviterte med til å gå eit stykke av stølsruta, frå Nesen til Jaslangen, etter det offisielle programmet på Vaset.

## Kulturarv og friluftsliv

– Kulturlandskapet på Stølsvidda er unikt. Her finns det historiske spor heilt frå steinalderen sin veidekultur og fram til i dag. Det er flott at turgårar no får oppleve dette landskapet på nært hald, seier avdelingsdirektør Leidulf Mydland frå Riksantikvaren. Stølsruta er den niande ruta som blir opna sidan Riksantikvaren og DNT starta opp den felles satsinga på Historiske vandrurer i 2013. Prosjektet er støtta av Sparebankstiftelsen DNB og Miljødirektoratet.

– Dei utvalde rutene gir flotte friluftsopplevelsar i kombinasjon med unik kulturarv. Stølsruta er beitedyras rike, og her har folk og dyr levd saman sommar etter



Stølsruta går i lettgått og ope beitelandskap.



Om lag 150 møtte på opninga på Vasetstølen.

sommars seier Nils Øveraa i DNT. Stølsområdet ruta går gjennom har status som Utvalgt kulturlandskap i jordbruket, og er også foreslått som Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Oppland. I store deler av Valdres brukar ein ordet støl i staden for seter, opphavleg var ein støl plassen der dei «sto» med dyra i utmarka, ein plass der ein samla dyra til mjølking.

## Tilrettelagt tursti

Stølsruta er ei fem dagars vandring som går

over Stølsvida som strekkjer seg gjennom Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Vang i Valdres. DNT Valdres har i samarbeid med Valdres Natur- og Kulturpark merka og tilrettelagt tursti langs heile ruta. Undervegs kan ein overnatte på stølane, oppleve beitedyra og ikkje minst smake på stølsprodukt. Dagsetappane er ikke lengre enn at turen er overkommeleg også for barnefamiliar. Mesteparten av turen er i lettgått ope beitelandskap over tregrensa.

Omfattende undersøkelse:

# Hva skal til for å ha seterdrift i 2035?

AgriAnalyse vil, i samarbeid med Norsk seterkultur, avtalepartene NB, NBS og LMD og fylkesmannen i to store seterfylker, gjennomføre en bred spørreundersøkelse for å kartlegge hvilke utfordringer som må løses for at takten i nedleggelsen av setre skal bremse opp.

Utvalget vil være alle landets seterbrukere som mottar setertilskudd. Som ledd i arbeidet med å utforme spørreundersøkelsen vil vi gjennomføre gruppeintervjuer med seterbrukere.


## Få setre med melkeproduksjon

Seterdrift er en i særstilling verdsatt del av norsk jordbruk. Riktignok har de fleste setre blitt nedlagt siste hundre år, men etter den store nedgangen fram til 1980, har tallet vært relativt stabilt på rundt 3000 setre fram til 2000-tallet – trolig knyttet til innføringen av setertilskudd fra 1989. Utover 2000-tallet ser vi en ytterligere avgang, og i dag er kun et fåttal setre i drift med melkeproduksjon. Ifølge NIBIO (2017) var antallet 922 setre i 2015, en nedgang på 25 % fra 2008, dvs. på sju år. Med denne takten vil det ikke være seterdrift annet enn på enkelte steder om 20 år. Da inntrer også den endelige fristen for overgang fra båsfjøs til løsdrift som er satt til 2034. Det er stor fare for at de som i dag driver seterbruk er overrepresentert blant de som fortsatt har båsfjøs og teller på knappene om de har råd til nyinvestering. Denne situasjonen må møtes nå med tilstrekkelige virkemidler for at seterdriften



Seterfjøsen på Eggjaseteren ligger ved Grønningen i Snåsa - i Nord Trøndelag.

skal overleve som driftsform annet enn på få tilfeldige steder. Det kreves altså et krafttak for å snu denne utviklingen, men hva skal til?



Antall gårdsbruk med seter i 1850-2000.  
Hentet fra NIBIO (2017).

## Registrering av setermiljø

NIBIO la i fjor fram rapporten «Hvordan står det til på setra? Registrering av setermiljøer i perioden 2009-2015». Dette er først og fremst en grundig feltregistrering av de gjenværende setermiljøene i Norge,

og ikke en systematisk dialog med seterbrukerne. Avslutningsvis i rapporten trekkes det fram noen momenter som underbygger at trenden med nedgang i antall aktive setre trolig vil fortsette. Melkebrukene minker i antall, og utviklingen mot større produksjonsenheter og mer automatisering gjør setra mindre egnet som produksjonssted. Det er først og fremst blant de små og mellomstore melkeprodusentene man finner de bøndene som driver melkeproduksjon på setra. Det gjør dagens seterdrift særlig sårbar fordi disse etter hvert er avhengig av fornying av driftsapparatet på gården, noe som i liten grad skjer på mindre bruk i dag (Hillestad 2012). Melkeseterbruket innebærer at driftsapparat må være tilgjengelig både på gården og på setra. Det er dyrt å bygge opp og vedlikeholde produksjonsutstyr til steder. Særlig om det også skal bygges om til løsdrift.

Framhald side 10.

## NSK vil ha stølsdrifta på UNESCO si verdsarvliste


Norsk seterkultur arbeider vidare med å få stølsdrifta inn på Unesco si verdsarvliste. Sidan 2003 har FN-organisasjonen opna for at også immateriell kulturarv kan få Unesco-status. Styret i Norsk seterkultur arbeider no vidare med dette. Kontakt med faglaga og andre i landbruket har gitt positive svar, og ein set no i gang med eit forstudium som bl.a. skal sjå på kva ein vil, kva ein vil leggje særleg vekt på, geografisk avgrensing (Noreg, Norden?) – og val av samarbeidspartnarar. Neste steg er ei prosjektskisse og å søkje om midlar til eit forprosjekt. I dette ligg det inne m.a. ein presentasjons-video, også i omsett form og med innhald som samsvarar med dei aktuelle

FN-konvensjonane. Når søknaden er klar går den til Kulturrådet, og om den blir godkjent, sender dei den til Kulturdepartementet. I neste omgang er det nasjonalstaten som nominerer, frå da skjer kommunikasjonen mellom departementet og Unesco. Fleire har teke til orde for at Unesco-status vil gi eit løft og ei forplikting som kan sikre stølsdrifta for framtida. - Søknadsprosessen er omfattande, men styret i Norsk seterkultur ser det som rett og viktig å gå laus på dette arbeidet. Arbeidet med forprosjekt og søknad krev ressursar og samarbeidspartnarar, og ein arbeider no med aktuell finansiering og å få etablert forpliktande samarbeid. Det er teke

kontakt med den svenske fäbodforeninga for å avklare om ein skal gå for eit nordisk utgangspunkt. - Norsk seterkultur vil stå som prosjekteigar og prosjektleiing blir lagt til Valdres Natur- og Kulturpark. I prosjekt-/styringsgruppa ynskjer ein å ha med t.d. Norsk handverksinstitutt, faglaga i landbruket og Norges Bygdekvinnelag, og i arbeidsgruppa tenkjer ein seg styret i NSK og dei som utfører sekretariatsfunksjonar i organisasjonen. Vidare er det tenkt ei breitt samansett referansegruppe, som bl.a. kan bistå med info, presentasjoner og nasjonale/internasjonale kontaktar.

## Seterpolitisk helaffen – framhald frå side 3.

ei ku av tradisjonell norsk rase som virkelig eigna seg i utmarka: – Den ville ikke ha kraftfør en gang den silda der! Og hva vil vi at en seter skal være? Jo, et sted der man først og fremst skal høste av utmarka.



*Vi kan ikke løse klimaproblemene med å dyrke vår mat på andre lands matjord!*

### Kvalitetene til stølsprodukter må synliggjøres

En utfordring for dagens stølseiere er manglende synliggjøring av stølsproduktenes kvalitetsforskjell sammenliknet med «vanlig» ost og melk, og utfordringer knyttet til manglende kunnskap og kompetanse hos mattilsynet om foredling på setra, og at vi her har mye å lære av Sveits og Østerrike. Hanne Sickel, som dessverre ikke kunne stille på arrangementet, har i doktorgradsarbeidet sitt funnet at melk produsert på utmarksbeite i fjellet skiller seg kvalitetsmessig fra vanlig konvensjonell melk ved å ha en annen fettsyresammensetning og et høyere antioksidantinnhold. Dette er kvaliteter som melka beholder når den videreføres til ost, smør eller fløte.

### Budeia viktig i kampen mot gjengroing

Bonden skal først og fremst produsere mat, men kan et økt fokus på bonden som landskapspleier øke interessen for stølsdrift? Bonden som landskapspleier kan synliggjøres i at økt beiting og stølsdrift i større grad premieres i tilskudd, og ved å synliggjøre kvalitetsforskjeller i maten produsert på setra og i utmarka for forbrukeren. Sveits og Østerrike er nok engang en inspirasjon. Der blir bønder i alpeområdene trukket fram som landskapspleiere i minst like stor grad som matprodusenter. Selv om ikke alle hyttefolk setter pris på å møte en kuflokk, er det når bonden har dyra på beite at hytteierne får et landskap verdt å se på.

### Veien videre for seterpolitisk melding

Samfunnssoppdraget til jordbruket er å produsere ren, trygg og nok mat til befolkninga, og ikke ødelegge fremtidige generasjoner sin mulighet til å gjøre det samme. Når arealer gror igjen reduserer vi framtidige generasjons mulighet til å produsere mat på samme arealer.

  
En norsk matproduksjon som baseres i mindre og mindre grad på bruk av egne arealer, og mer og mer importert fra land med matsystemer som er innretta med et snevert fokus på profit, og ikke trygg og nok mat til befolkninga, er usolidarisk.

En ny politikk for seterdrifta i Norge er nødvendig om verdifulle beiteressurser skal tas i bruk og ikke gå ut av drift. Utover at setrene tas i bruk, er dette viktige mål for seterdrifta:

- Rikt biologisk mangfold og rike kulturlandskap.
- Ivera kulturavr og tradisjoner.
- Ivera og dele kunnskap om et beite basert jordbruk.
- Verdiskaping basert på lokale og fornybare ressurser.
- Levende bygder og gode menneske habitat.
- God dyrevelferd.
- Bidra til en mangfoldig matproduksjon.

## Hva skal til for å ha seterdrift i 2035? – framhald frå side 9

En rapport fra landbruksavdelingen hos Fylkesmannen i Hordaland (2012) viste at det i hovedsak var alder på bøndene og overdragelse av gården til en ny generasjon som gjør at stølsdrifta blir lagt ned. Yngre bønder har som regel arbeid utenfor gården, og interessen for stølsdrift er generelt mindre blant yngre gårdbrukere, vesentlig på grunn av familieforhold, krav om fritid, arbeidspress og økonomi. Enkelte velger høstkalving for å slippe melking i sommermånedene. Det er generelt et problem at det er for lite folk på gården til å driftet både gård og seter i travle perioder. Samtidig er det dyrt å leie røkter. Hos geitebøndene i Hordaland som har lagt opp produksjonen med vår- og sommermelk stiller det seg annerledes. Undersøkelsen fra Hordaland gir noen indikasjoner på utfordingene, men undersøkelsen er noen år gammel og gir et utvalg fra et av landets mindre seterfylker. AgriAnalyse vil gjennomføre en bred spørreundersøkelse for å kartlegge hvilke utfordringer som må løses for at takten i nedleggelsen av setre skal bremse opp. Utvalget vil være alle landets seterbrukere som mottar setertilskudd. Som ledd i arbeidet med å utforme spørreundersøkelsen vil vi gjennomføre gruppeintervjuer med seterbrukere.

### Temaer som vil belyses i spørreundersøkelsen:

- Størrelse på besetning og areal hjemme og på setra
- Alder på seterbruker, framtidsutsikter – hva er planene for setra ved generasjonsskifte?
- Hvor stor del av seterbrukerne driver med setring fordi man er avhengig av ressursene?
- Planer om nyinvestering i fjøs på gården
  - Har gården båsfjøs eller løsdrift i dag?
- Nyinvestering på seter?
  - Melkeløsning
- Minimumsfaktorer seterdrift – materielle faktorer
  - Vannforsyning, setervei /(frakt), bygninger, energiforsyning, beitemuligheter/-konflikter, flyttekostnader, nydyrkning/omlegging
- Minimumsfaktorer seterdrift – sosiale faktorer
  - Bemanning, arbeidsdeling seter/gård - grashøst på hjemgård, feriebehov.
  - Kostnad ved å leie inn budeie.
  - Kombinasjon med annen jobb?
- Hva er det viktigste faktorene for å sikre videre drift?

**Metoder:** gruppeintervjuer og spørreundersøkelse.

**Mål:** Få innblikk i hva som skal til for å opprettholde setertradisjon i Norge. Gi en analyse av utvikling og trend nasjonalt og per fylke. Skissere konklusjoner og diskutere hva slags virkemidler og finansiering som er nødvendig for å sikre videre drift i dagens omfang.

**Formidling:** Notat, pp-presentasjon, kronikk.

**Referansegruppe:** Norsk seterkultur, jordbruksavtalepartene (Bondelaget, Norsk bonde- og småbrukarlag, LMD/Landbruksdirektoratet). Representanter fra fylkesmannen i to større seterfylker.

**Litteratur:** Valdresrapport. NIBIO, 2017: Hvordan står det til på setra? Registrering av setermiljøer i perioden 2009-2015. <https://www.nibio.no/nyheter/kun-ein-prosent-av-norske-setrar-er-framleis-i-bruk>. Fylkesmannen i Hordaland, 2012: Registrering av stølar i aktiv drift. <https://www.fylkesmannen.no/nn/Hordaland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Stolsprosjekt-2011-12/>

# Grønt Spatak 25 år!

Grønt Spatak markerte 25-års-jubileum i Hemsedal i sommar. Det var på ein måte der det starta, initiativtakar var nemleg Tori Snerte frå Hemsedal.

Den gongen aktiv i Natur og Ungdom, budeie alt frå unge år og sidan gardbrukar og mangfaldig kulturarbeidar. Ho førte Natur og Ungdom og Norsk Bonde- og Småbrukarlag saman i dette prosjektet, og Felleskjøpet har heile tida ytt økonomisk støtte. Jubileet vart også markert på NBS sitt landsmøte nyleg, der pionerane bak prosjektet møttest – Tori Snerte, Aina Bartmann, den gongen leiar i NBS og Lars Haltbrekken, den tida leiar i NU.

Vi kan seie sirkelen var slutta da Grønt Spatak skipa til jubileumsleir på Krosstølane, der Tori Snerte har stolen sin. Deltakarane fekk prøve å drive stolen, med dyrestell, mjølking av kyrne, gjerdning, ljåslått, hesjing – og steiking av kvikaku! Berekraftig landbruk, stølsdrift og økofilosofi i fokus, det siste ved Nils Faarlund, som for meir enn 50 år sidan stifta Norges Høgfjellsskole. No fekk ein ny generasjon innsyn i dette, ein slags ”Norges Høgfjellsgrunnskule”, som Tori Snerte uttrykkjer det.

Jubileumsleirene vart avslutta med ju-bileumsfest, eit ope arrangement, hjå Tori og familien på Snertehaugen, der det var ”traktorsirkus”, natur- og kultursti, økofilosofiske samtalar, matservering og konsert

## Saft og økofilosofi

Under «Den store saftedagen» på garden møtte dei Helga og Nils Faarlund som i 1967 starta Norges Høgfjellsskole. Ungdommen var ute og sanka bringebær og geitrams.

– Om ein ikkje får kjøpt seg bomulls-skjorte, kan ein lage seg striskjorte av brennesle. De har hørt om uttrykket hav-regraут og striskjorte, spurde Nils Faarlund.



Glad ungdom på Grønt spatak sin jubileumsleir i Hemsedal i juli.  
Frå venstre: Aksel Gøytil Bødtker, Amelia Gomez Snerte, Emma Bugge Gjeredvik, Synnøve Jacobsen og Benedicte Pentha Bakken. Foto: Line Sandvik.

Ungdommane fekk forklaringa. Sjølv om dei nærmast må klø seg litt på tanken av ei skjorte laga av brenneslefiber.

## Grønt Spatak satsar vidare

Kvar sommar sidan 1993 har altså eit stort antal ungdommar vore utplassert på gardar eller stolar for å hjelpe til med allsidig gards- og stølsarbeid. Sist sommar var det vel 80 deltakarar. Opphold på støl er populært, og Thea Marie Kvam, som no er koordinator for Grønt Spatak, oppfordrar seterbrukarane om bli med som vertskap for ”spatakistar”. Det handlar om ein tidagars periode, der ein får lære bort, får hjelp til praktiske oppgåver og får innspel fra engasjert ungdom. Dialog mellom miljørørsla og landbruket er viktig, seier Thea Marie. - Ungdommane vil ikkje berre sitje i byen og snakke om landbruket, dei vil lære om berekraftig matproduksjon i praksis!

Kjelder: Grønt Spatak/Hallingdølen



På mange setre får ein hjelpe til med ysting. Her er det Ingvild Johannesen som rører i gryta på Inner Gammelsetra i Grøvudalen. Foto: Thea Falck

## Beskytta betegnelse for setersmør

Som kjent har Norsk seterkultur jobba mykje med å få på plass beskytta betegnelse for setersmør, og håpet er framleis å få svar på søknaden frå Matmerk før nyttår. Såleis kan ein håpe å lansere dette før sommaren 2019. Handsaminga av søknaden har teke tid i Matmerk, bl.a. på grunn om omorganisering/reduksjon av lokalmatavdelinga, får vi opplyst frå den kanten. Det er aktuelt for Norsk seterkultur å søkje same beskyttelse også for andre seterprodukt.

## Bli med på Grønt Spatak!

Kontakt: **Thea Marie Kvam.**


Koordinator for:

Grønt Spatak

Natur og Ungdom

Norsk Bonde- og Småbrukarlag

**theak@nu.no / Tlf: 986 65 743**



# Nasjonal pris til Nordgardsetra

Nordgardsetra 4H-seter i Lagendal i Vestfold er kåret til Årets 4H-gård. Prisen ble mottatt til trampeklapp under 4H Norge sitt landsmøte 20.-21. juli.

Nordgardsetra 4H-seter får prisen for sitt mangeårige arbeid som aktiv seter med sommerkafé og tilbud om kurs i seterdrift for barn og ungdom. Prisen er på 20 000 kroner.

– Det er kjempebra at vi får denne prisen! Dette gir oss blest og vi blir satt mer på kartet, smiler Helene Bøe Andersen, daglig leder på Nordgardsetra 4H-seter.

## Populært tilbud

– Vi ser at tilbuda våre er på veg opp, og har blitt veldig populære de siste åra. Nå er så å si alle seterkursa våre fulle. Gjennom kursa og leirene våre tar vi vare på setertradisjoner som kanskje ville dødd ut ellers. I år har vi også prøvd ut nye tilbud for yngre barn, med god påmelding. I tillegg har vi mange arrangementer i helgene, forteller Helene Bøe Andersen, og holder frem:

– Det er gratis å komme til Nordgardssetra for å oppleve seterlivet, og vi har åpen seterkafé hver dag i sommerferien. I år har vi også rusta opp en del, blant anna har vi laga et halmhoppehus og i samarbeid med Høy og Lavt rusta opp «Tussestien», ei klatre- og aktivitetsløype.

## Engasjement og pågangsmot

Sara Skulstad fra landsstyret i 4H Norge ledet juryen som kåra årets 4H-gård.


– Eg er veldig imponert over det de får til på Nordgardsetra. Mange engasjerer seg og viser skikkelig pågangsmot, til tross for økonomiske utfordringer senere år. Det blir jobba godt og skapt nye tilbud som stadig flere tar i bruk.



Det er også kult at setra har så tett samarbeid med 4H-klubber og fylkeslaget 4H Vestfold, og at det blir rekruttert mange 4H-medlemmer gjennom leirene og kursa, sier Sara Skulstad.

## 6500 besøkende

Rundt 6500 besøkte Nordgardsetra på dagsbesøk i fjor, 5000 besøkte kaféen og 85 deltok på kurs over flere dager. I var det enda fleire. For første gang har barn i 1. til 3. klasse blitt invitert til sommerleir på setra, og det har kommet tilbud om «miniseterkurs» på fire dager for de som er 10 år og eldre. På programmet ellers denne sommeren setra blant anna arrangert Barnas dag, «Kampen mot bjørnen», ystediag, olsokefeiring, bakstehelg og markedsdag. Nordgardsetra 4H-seter er åpen hver dag i hele skoleferien mellom kl. 11.00 og 16.00.



Mange av våre produkter har rot i støls-kulturen og vi støttar

Norsk Seterkultur i arbeidet for denne driftsforma



## OLAVSROSA

Kvalitetsmerket for de beste kulturarvopplevelser. Et besøk er et minne for livet.

**“Vern gjennom bruk”**



[www.olavsrosa.no](http://www.olavsrosa.no)  
[www.kulturarv.no](http://www.kulturarv.no)